

Øystre Slidre kommune

## ► Overordna vurdering av lokalitetar for framtidig ny barnehage

Underlag til moglegeheitsstudie for Tingvang og Heggenes

Vedlegg 2

Oppdragsnr.: 5195226 Dokumentnr.: 002 Versjon: J04 Dato: 2020-04-16





## Overordna vurdering av lokalitetar for framtidig ny barnehage

Underlag til mogelegheitsstudie for Tingvang og Heggenes

Oppdragsnr.: 5195226 Dokumentnr.: 002 Versjon: J04

**Oppdragsgjevar:** Øystre Slidre kommune  
**Oppdragsgjevares kontaktperson:** Knut Frode Framstad, Inger Elisabeth Hilstad  
**Rådgjevar:** Norconsult AS, Campus Fosshaugane, Trolladalen 30, NO-6856 Sogndal  
**Oppdragsleiar:** Cornelis Erstad  
**Fagansvarleg:** Cornelis Erstad  
**Andre nøkkelpersonar:** Stine Radmann

J04	2020-04-16	For bruk	CorErs		
A01	2020-03-27	For intern gjennomgang	CorErs	StRad	CorErs
<b>Versjon</b>	<b>Dato</b>	<b>Omtale</b>	<b>Utarbeida</b>	<b>Fagkontrollert</b>	<b>Godkjent</b>

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandler. Opphavsretten tilhører Norconsult AS. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.

## ► Samandrag

Som del av mogelegheitsstudie for Heggenes og Tingvang har Norconsult gjennomført ei overordna vurdering av 5 tomtealternativ, som kommunen meiner er aktuelle for lokalisering av ein ny barnehage. Desse er Heggebø, Ysteritomta, Furustrand nord, Robølsvegen/Heranglie og Bjødnavegen. Barnehagen skal minimum vere dimensjonert for 60 plassar og ha rom for utviding.

Dei 5 aktuelle lokasjonane kort omtalt og deretter vurdert kvalitativt etter eit sett utvalde kriterier. Lokasjonane er vurdert opp mot kvarandre, ikkje ev. andre lokasjonar. Avsluttande er det gjort ei rangert tilråding på val av tomt.

Med bakgrunn i dei kvalitative vurderingane er dei ulike alternativa rangert slik:

1. Bjødnavegen
2. Robølsvegen/Heranglie
3. Ysteritomta
4. Heggebø
5. Furustrand nord

## Innhald


<b>1</b>	<b>Bakgrunn</b>	<b>6</b>
<b>2</b>	<b>Område for søk</b>	<b>6</b>
<b>3</b>	<b>Kort om metode</b>	<b>6</b>
<b>4</b>	<b>Aktuelle tomtealternativ for vurdering</b>	<b>7</b>
<b>5</b>	<b>Omtale av tomtealternativ for evaluering</b>	<b>8</b>
5.1	Heggebø	8
5.2	Ysteritomta	8
5.3	Furustrand nord	9
5.4	Robølsvegen/Heranglie	9
5.5	Bjødnavegen	10
<b>6</b>	<b>Kriterier for val av lokalisering</b>	<b>11</b>
<b>7</b>	<b>Evaluering</b>	<b>12</b>
7.1	Tomtestorleik	12
7.2	Lokalisering og tilkomst	12
7.3	Pedagogiske potensiale	13
7.4	Planstatus	15
7.5	Eigedomsstatus	16
7.6	Klima	17
7.7	ROS-tema	17
<b>8</b>	<b>Oppsummering av evaluering</b>	<b>19</b>
8.1	Diskusjon	19
8.2	Rangering	19

## 1 Bakgrunn

Som del av moglegheitsstudie for Heggenes og Tingvang har Norconsult AS gjennomført ei overordna vurdering av aktuelle lokalitetar for framtidig ny barnehage. Barnehagen skal minimum vere dimensjonert for 60 plassar. Det er skilnad på tal barn og tal plassar. Barn 1-2 år reknast som 2 plassar, 3-5 år reknast som 1 plass.

## 2 Område for søk

Dei aktuelle lokasjonane er peikt ut av administrasjonen i kommunen. Det ligg ikkje til dette oppdraget å fremje andre alternativ utover desse.



Figur 1 Aktuelle framtidige barnehagelokasjonar. Kjelde: Øystre Slidre kommune


## 3 Kort om metode

Dei 5 aktuelle lokasjonane vert vurdert kvalitativt etter dei kriteriana som kjem fram av kapittel 6. Lokasjonane vert vurdert opp mot kvarandre, ikkje ev. andre lokasjonar. Avsluttande vert det gjort ei rangert tilråding på val av tomt.

## 4 Aktuelle tomtealternativ for vurdering

Kommunen har gjeve 5 aktuelle lokasjonar for framtidig ny barnehage, vi har gjeve desse følgjande namn/lokalisering:

1. Heggebø
2. Ysteritomta
3. Robølsvegen/Heranglie
4. Furustrand nord
5. Bjødnavegen



Figur 2 Aktuelle lokalitetar for framtidig ny barnehage

## 5 Omtale av tomtealternativ for evaluering

### 5.1 Heggebø

Noverande eigedomsavgrensing er på ca 13,6 daa, slik det går fram av kartet i figur 3. Egedomen ligg nordvest for Heggenes, med tilnærma 3,2 km køyreavstand frå Coop Heggenes. Nordlege halvdel av egedomen er avsett til offentlig eller privat tenesteyting i arealdel til kommuneplanen. Resterande del er avsett til LNF-føremål. Egedommen er ikkje regulert. Egedommen har fall mot søraust, ca frå kote 667 til kote 660.



Figur 3 Egedommen på Heggebø. Kjelde: Kartverket

### 5.2 Ysteritomta

Noverande eigedomsavgrensing er på ca 4,6 daa, slik det går fram av kartet i figur 4. Egedomen ligg på Heggenes, med tilnærma 140 m køyreavstand frå Coop Heggenes. Egedomen er avsett til sentrumsføremål i arealdel til kommuneplanen. Egedommen er ikkje regulert. Egedommen har fall mot sørvest, ca frå kote 516 til kote 510. Hovudparten er relativt flatt.



Figur 4 Ysteritomta. Kjelde: Kartverket

### 5.3 Furustrand nord

Noverande eigedomsavgrensing er på ca 10,5 daa, slik det går fram av kartet i figur 5. Egedomen ligg på Heggenes, med tilnærma 260 m køyreavstand frå Coop Heggenes. Egedomen er avsett til LNF-føremål i arealdel til kommuneplanen. Egedommen er ikkje regulert. Egedommen har fall mot sørvest, ca frå kote 499 til kote 492.



Figur 5 Furustrand nord. Kjelde: Kartverket

### 5.4 Robølsvegen/Heranglie

Noverande eigedomsavgrensing er på ca 168 daa, slik det går fram av kartet i figur 6. Egedomen ligg på Heggenes, med tilnærma 400 m køyreavstand frå Coop Heggenes. Egedomen er avsett til LNF-føremål i arealdel til kommuneplanen. Egedommen er ikkje regulert. Egedommen har fall mot sørvest, ca frå kote 533 til kote 531.



Figur 6 Robølsvegen/Heranglie. Kjelde: Kartverket

## 5.5 Bjødnavegen

Noverande eigedomsavgrensing er på ca 6 daa, slik det går fram av kartet i figur 7. Eigedomen ligg på Tingvang, med tilnærma 2 km køyreavstand frå Coop Heggenes. Eigedomen er allereie nytta til barnehage i dag. I arealdel til kommuneplanen er eigedomen avsett med omsynssone reguleringsplan skal framleis gjelde. I gjeldande reguleringsplan arealet avsett til offentleg og privat tenesteyting. Eigdommen har fall mot søraust, ca frå kote 506 til kote 498.



Figur 7 Bjødnavegen. Kjelde: Kartverket

## 6 Kriterier for val av lokalisering

I oppsettet nedanfor er dei 5 aktuelle lokaliseringane nærare evaluert med bakgrunn i desse evalueringkriteria:

- Tomtestorleik
- Lokalisering og tilkomst
- Pedagogisk potensialet
- Planstatus
- Eigedomstilhøve
- Klima
- ROS-tema (ras, flaum, støy)

I evalueringkriteria inngår også element frå desse publikasjonane:

- «Veileder for utforming av barnehagens utearealer», (Kunnskapsdepartementet 2006)
- Byggforskblad 342.107 Barnehager - Planlegging og utforming
- «Miljø og helse i barnehagen» - Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler IS-2072 (helsedirektoratet 2014)

I evalueringa er det nytta følgjande gradering i høve måloppnåing innanfor det einskilde kriteria:

Gradering	Fargekode
Svært god måloppnåing	
God måloppnåing	
Nøytral måloppnåing	
Låg måloppnåing	
Liten eller ingen måloppnåing	

I tillegg til kvalitativ vurdering av kriteria er det nytta eit system med vekta poenggjeving for å underbygge dei avsluttande vurderingane som er gjort.

## 7 Evaluering

### 7.1 Tomtestorleik

Det vert lagt til grunn eit arealbehov for ein barnehage med 70 born (35 born i alderen 1-3 år og 35 born i alderen 3-6 år). Dette er meir enn dagens behov, men gjev mogelegheit for seinare utviding. Det er slik behov for følgjande areal:

- ❖ Leike og opphaldsareal (LOA) = 326 m<sup>2</sup>
- ❖ Andre areal og personfasilitetar ca 80 % tillegg til LOA
- ❖ Bruttoareal = LOA x 1,8xB/N faktor 1,4 = ca 822 m<sup>2</sup> BTA
- ❖ Uteareal = 6 x LOA = 1 956 m<sup>2</sup>
- ❖ Trafikk/parkeringsareal (28 p-plassar) = 960 m<sup>2</sup>
- ❖ Totalt areal til bygg, uteareal og trafikkareal = ca 3 740 m<sup>2</sup>

Avrunda vert ønska tomtestorleik sett til 4 daa, for også å ta omsyn til tomteform, og til topografiske tilhøve.

Kriteriet vert då: Arealet til tomta bør vere > 4 daa.

Alternativ	Beskrivelse / kommentar	Evaluering
Heggebø	<ul style="list-style-type: none"><li>• 13,6 daa – stor nok.</li></ul>	
Ysteritomta	<ul style="list-style-type: none"><li>• 4,6 daa – stor nok.</li></ul>	
Furustrand nord	<ul style="list-style-type: none"><li>• 10,5 daa – stor nok.</li></ul>	
Robølsvegen/ Heranglie	<ul style="list-style-type: none"><li>• 168 daa – stor nok</li></ul>	
Bjødnavegen	<ul style="list-style-type: none"><li>• 6 daa – stor nok.</li></ul>	

### 7.2 Lokalisering og tilkomst

Kriteriet: tomta bør ligg sentralt i høve brukarane, nærme bustadområde og/eller arbeidsplassar. Nærleik til Coop Heggenes er sett som definisjonspunkt. Det bør også vere kort veg ut i naturområde. Det er den samla vurderinga av avstand frå Coop og avstand til naturområde som ligg til grunn for evalueringa.

Alternativ	Omtale / kommentar	Evaluering
Heggebø	<ul style="list-style-type: none"><li>• Tomta ligg nordvest for Heggenes, med tilnærma 3,2 km køyreavstand frå Coop Heggenes. Tomta ligg langt unna arbeidsplassar og større bustadområde. Det er ikkje gang- og sykkelveg frå Heggenes til tomta.</li><li>• Det er kort veg ut i potensielt naturområde</li></ul>	

Ysteritomta	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tomta ligg på Heggenes med tilnærma 140 m køyreavstand frå Coop Heggenes. Tomta ligg nær svært mange arbeidsplassar og ein del eksisterande bustadhus, samt nær Heranglie som eit stort regulert bustadområde. Det er gang- og sykkelveg både til Heggenes og Tingvang.</li> <li>• Det er relativt kort veg, men i motbakke, ut i potensielt naturområde.</li> </ul>	
Furustrand nord	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tomta ligg på Heggenes, med tilnærma 260 m køyreavstand frå Coop Heggenes. Tomta ligg nær svært mange arbeidsplassar og ein del eksisterande bustadhus, samt nær Heranglie som eit stort regulert bustadområde. Det er gang- og sykkelveg både til Heggenes og Tingvang.</li> <li>• Det er kort veg til friområde på Furustrand, men det er lenger veg for å kome seg ut i potensielt naturområde.</li> </ul>	
Robølsvegen/ Heranglie	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tomta ligg på Heggenes, med tilnærma 400 m køyreavstand frå Coop Heggenes. Tomta ligg nær svært mange arbeidsplassar og ein del eksisterande bustadhus, samt nær Heranglie som er eit stort regulert bustadområde. Tomta er ikkje tilknytt gang- og sykkelveg, det er heller ikkje avsett areal til det i gjeldande reguleringsplan for Heranglie.</li> <li>• Det er kort veg ut i potensielt naturområde</li> </ul>	
Bjødnavegen	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tomta ligg på Tingvang, med tilnærma 2 km køyreavstand frå Coop Heggenes. Tomta har ikkje så mange arbeidsplassar i nærleiken, men er det alternativet som ligg nærast flest eksisterande bustadhus, samt nær Heranglie som er eit stort regulert bustadområde. Det er gang- og sykkelveg både til Heggenes og Tingvang.</li> <li>• Det er kort veg ut i potensielt naturområde</li> </ul>	

### 7.3 Pedagogiske potensiale

Kriteria:

*Kontekst:* Barnehagen bør liggje i eit område med fleire offentleg retta funksjonar, ikkje åleine. Mogelegheiter på tomte: topografi, landskaps- og naturelement og form bør gje varierte mogelegheiter for leik og læring for borna.

*Kvalitetar ved tomte:* i samsvar med kap. 8 i Rammeplanen skal alle barn kunne oppleve progresjon i innhaldet til barnehagen, og barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte leike-,

aktivitets- og læringsmoglegeheiter. Ein må også ivareta barn under 3 år, både inne og ute. Delar av uteområdet må ha meir skjerma tilrettelegging, slik at grunnleggjande motoriske ferdigheiter og rolegare aktivitetar ikkje kjem i konflikt med meir fartsfylte aktivitetar som springing, sykling, klatring, osb. Kvalitet og moglegeheit på tomtene for bearbeiding for å ivareta desse behova vil vere avgjerande.

Alternativ	Omtale / kommentar	Evaluering
Heggebø	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Den relativt flate topografien på tomta vil krevje ein del opparbeiding for å skape eit uteareal som er relevant for heile aldersspennet 1-6 år, i høve ulike behov i utviklingsstadium.</li> <li>• Det er relativt lite vegetasjon i form av busker og tre som kan spele ei rolle i leik og læring. For at borna skal kunne utvikle leik og nytte seg av heile uteområdet må det utformast slik at det vert skapt soner for opphald der leik kan utviklast over tid. Desse sonene må vere i le for vêr og vind.</li> <li>• Tomta ligg langt unna andre offentleg retta funksjonar.</li> <li>• Tomta har ei god lokalisering med tanke på å ta i bruk naturområde.</li> </ul>	
Ysteritomta	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Med omsyn til topografien og eksisterande harde flater, må det truleg gjerast større inngrep for å sikre stort nok og samanhengande uteareal som er relevant for heile aldersspennet 1-6 år, i høve ulike behov i utviklingsstadium.</li> <li>• For at borna skal kunne utvikle leik og nytte seg av heile uteområdet må det utformast slik at det vert skapt soner for opphald der leik kan utviklast over tid. Desse sonene må vere i le for vêr og vind.</li> <li>• Det er tilsynelatande bra med busker og tre på tomta, som kan spele ei slik rolle i leik og læring.</li> <li>• Tomta ligg nærme Heggenes sentrum, noko som gjev moglegeheit for å ta i bruk fasilitetar her som pedagogisk arena.</li> <li>• Tomta har ei relativt god lokalisering med tanke på å ta i bruk naturområde.</li> </ul>	
Furustrand nord	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Den flate topografien på tomta vil krevje mykje opparbeiding for å skape eit uteareal som er relevant for heile aldersspennet 1-6 år, i høve ulike behov i utviklingsstadium.</li> <li>• Det er ikkje eksisterande vegetasjon i form av busker og tre som kan spele ei rolle i leik og læring. For at borna skal kunne utvikle leik og nytte seg av heile uteområdet må det utformast slik at det vert skapt soner for opphald der leik kan utviklast over tid. Desse sonene må vere i le for vêr og vind.</li> <li>• Tomta ligg nærme Heggenes sentrum, noko som gjev moglegeheit for å ta i bruk fasilitetar her som pedagogisk arena.</li> <li>• Tomta har ei relativt dårleg lokalisering med tanke på å ta i bruk naturområde. Furustrand friluftsområde er delvis opparbeid med parkstruktur og vert ikkje rekna som eit naturområde.</li> </ul>	
Robølsvegen/ Heranglie	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utifrå kotekart ser topografien på tomta ut til å vere relativt flat. På ortofoto ser det også ut til å vere mykje vegetasjon på tomta. Samla vil det truleg krevje mykje opparbeiding for å skape eit</li> </ul>	

	<p>uteareal som er relevant for heile aldersspennet 1-6 år, i høve ulike behov i utviklingsstadium.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• For at borna skal kunne utvikle leik og nytte seg av heile uteområdet må det utformast slik at det vert skapt soner for opphald der leik kan utviklast over tid. Desse sonene må vere i le for vêr og vind.</li> <li>• Det er tilsynelatande bra med busker og tre på tomta, som kan spele ei slik rolle i leik og læring.</li> <li>• Tomta ligg relativt nærme Heggenes sentrum, noko som gjev mogelegheit for å ta i bruk fasilitetar her som pedagogisk arena.</li> <li>• Tomta har ei god lokalisering med tanke på å ta i bruk naturområde.</li> </ul>	
Bjødnavegen	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tomta ser ut til å ha ein god variasjon i flate og kuperte områder, noko som er med på å skape eit uteareal som er relevant for heile aldersspennet 1-6 år, i høve ulike behov i utviklingsstadium.</li> <li>• Det er tilsynelatande bra med busker og tre på tomta, som kan spele ei slik rolle i leik og læring.</li> <li>• Tomta ligg nærme ungdomsskolen og ungdomshuset på Tingvang, noko som gjer det mogeleg å ta i bruk eit stort område utover læringsmiljøet ute og inne i barnehagen.</li> <li>• Tomta har ei relativt god lokalisering med tanke på å ta i bruk naturområde.</li> </ul>	

## 7.4 Planstatus

Gjeldande regulert arealbruk for dei aktuelle tomtene, både i kommuneplan og/eller reguleringsplan, er vesentleg då trong for ny regulering vil leie til ein lenger gjennomføringsprosess og auka usikkerheit om tiltaket let seg realisere. Vektinga vil difor ta utgangspunkt i om overordna og noverande arealføremål legg til rette for ein smidig eller lengre prosess. Gjeldande arealføremål for barnehage er offentleg eller privat tenesteyting.

Kriteriet: sakskompleksitet og prosessetid.

Alternativ	Beskrivelse / kommentar	Evaluering
Heggebø	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilstrekkeleg del av arealet på tomta er avsett til offentleg eller privat tenesteyting i arealdel til kommuneplanen. Før det vert gjennomført ev. bygging av ny barnehage bør det gjennomførast ein reguleringsplanprosess, ev. ein dispensasjon frå plankravet.</li> </ul>	
Ysteritomta	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tomta er avsett til sentrumsføremål i arealdel til kommuneplanen. Dette føremålet kan også opne for ein barnehage, men før det vert gjennomført ev. bygging av ny barnehage bør det gjennomførast ein reguleringsplanprosess, ev. ein dispensasjon frå plankravet. I og med at tomta ikkje er</li> </ul>	

	regulert ligg den også innanfor Statens vegvesen si generelle 50 m byggjegrense frå veg.	
Furustrand nord	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tomta er avsett til LNF-føremål i arealdel til kommuneplanen. Dette føremålet opnar ikkje for ein barnehage. Det vil her vere krav om ein reguleringsplanprosess, mest truleg med konsekvensutgreiing, før det ev. vert gjennomført bygging av ny barnehage. I og med at tomta ikkje er regulert ligg den også innanfor Statens vegvesen si generelle 50 m byggjegrense frå veg.</li> </ul>	
Robølsvegen/ Heranglie	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tomta er avsett til LNF-føremål i arealdel til kommuneplanen. Dette føremålet opnar ikkje for ein barnehage. Det vil her vere krav om ein reguleringsplanprosess, mest truleg med konsekvensutgreiing, før det ev. vert gjennomført bygging av ny barnehage.</li> </ul>	
Bjødnavegen	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tomta er avsett med omsynssone reguleringsplan skal framleis gjelde. I gjeldande reguleringsplan arealet avsett til offentleg og privat tenesteyting. Før det vert gjennomført ev. bygging av ny barnehage bør tryggast at gjeldande reguleringsplan stettar naudsynte arealbehov.</li> </ul>	

## 7.5 Eigeomsstatus

Gjeldande eigarstatus er viktig for tilgang på grunn og ev. ein lenger prosess for å få tilgang på grunn, enten gjennom kjøp eller oreigning på bakgrunn av reguleringsplan. Vurderingane er gjort med bakgrunn informasjon frå kommunen.

Kriterium: kommunalt, anna offentleg eller privat eigd tomt.

Alternativ	Omtale / kommentar	Evaluering
Heggebø	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tomta er privat eigd, men skal ikkje vere konfliktfylt i høve eigar, då den er nytta til privat barnehage i dag.</li> </ul>	
Ysteritomta	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tomta er privat eigd. Basert på attendemeldingar gjennom arbeidet med arealdelen er den truleg ikkje konfliktfylt i høve eigar.</li> </ul>	
Furustrand nord	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tomta er privat eigd. Basert på attendemeldingar gjennom arbeidet med arealdelen er den truleg konfliktfylt i høve eigar.</li> </ul>	
Robølsvegen/ Heranglie	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tomta er delvis privat eigd. Basert på attendemeldingar gjennom arbeidet med arealdelen er den truleg konfliktfylt i høve eigar.</li> </ul>	
Bjødnavegen	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tomta er kommunalt eigd og allereie nytta til barnehage.</li> </ul>	

## 7.6 Klima

Vurderinga vert gjort på eit overordna nivå med bakgrunn i kartstudiar av topografi. Det er ikkje nytta tid på å kartlegge stadspesifikke i høve vindretning, temperatur og nedbør.

Kriteria: topografi

Alternativ	Beskrivelse / kommentar	Evaluering
Heggebø	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tomta har fall mot søraust. Det er tilsynelatande ikkje større vegetasjon eller andre større element kring tomta som legg skugge. Det er slik gode sol- og lystilhøve i løpet av opningstida til barnehagen.</li> </ul>	
Ysteritomta	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tomta har fall mot sørvest. Mot sør og søraust er det skog som dekkjer delar av tomta med skugge. I første del av opningstida til barnehagen vil det vere mindre gode sol- og lystilhøve på tomta.</li> </ul>	
Furustrand nord	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tomta fell mot sørvest, men er relativt flat. Det er tilsynelatande ikkje større vegetasjon eller andre større element kring tomta som legg skugge. Det er slik gode sol- og lystilhøve i størstedelen av opningstida til barnehagen.</li> </ul>	
Robølsvegen/ Heranglie	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tomta fell mot sørvest, men er relativt flat. Kring heile tomta er det skog. I løpet av opningstida til barnehagen vil det alltid vere delar av tomta med mindre gode sol- og lystilhøve.</li> </ul>	
Bjødnavegen	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tomta har fall mot søraust. Mot sørvest er det skog som vil dekkje delar av tomta med skugge. I siste del av opningstida til barnehagen vil det vere mindre gode sol- og lystilhøve på tomta.</li> </ul>	

## 7.7 ROS-tema

Det må understrekast at det ikkje er gjennomført ei ordinær ROS-analyse av tomtane. Dette må ev. gjennomførast i samband med omregulering av den aktuelle tomte. Her er det berre gjort førebelse overordna vurderingar basert på tilgjengelege data i nettportalen til DSB og Statens vegvesen.

Kriteria: rasfare, flaumfare, støy.

Alternativ	Beskrivelse / kommentar	Evaluering
Heggebø	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tomta er vurdert å ikkje vere utsett for ras.</li> <li>Tomta er vurdert å ikkje vere utsett for flaum.</li> <li>Eit mindre areal i den nordvestre del av tomte ligg innanfor gul støysone i den overordna kartlegginga til Statens vegvesen.</li> </ul>	
Ysteritomta	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tomta er vurdert å ikkje vere utsett for ras.</li> <li>Tomta er vurdert å ikkje vere utsett for flaum.</li> <li>Tomta ligg innanfor gul støysone i den overordna kartlegginga til Statens vegvesen.</li> </ul>	

## Overordna vurdering av lokalitetar for framtidig ny barnehage

Underlag til moglegheitsstudie for Tingvang og Heggnes

Oppdragsnr.: 5195226 Dokumentnr.: 002 Versjon: J04

Furustrand nord	<ul style="list-style-type: none"><li>• Tomta er vurdert å ikkje vere utsett for ras.</li><li>• Tomta er vurdert å ikkje vere utsett for flaum.</li><li>• Eit mindre areal i den austre del av tomta ligg innanfor gul støysone i den overordna kartlegginga til Statens vegvesen.</li></ul>	
Robølsvegen/ Heranglie	<ul style="list-style-type: none"><li>• Tomta er vurdert å ikkje vere utsett for ras.</li><li>• Tomta er vurdert å ikkje vere utsett for flaum.</li><li>• Tomta er vurdert å ikkje vere støyutsett.</li></ul>	
Bjødnavegen	<ul style="list-style-type: none"><li>• Tomta er vurdert å ikkje vere utsett for ras.</li><li>• Tomta er vurdert å ikkje vere utsett for flaum.</li><li>• Tomta er vurdert å ikkje vere støyutsett.</li></ul>	

## 8 Oppsummering av evaluering

Tabellen under syner ei samanstilling av korleis tomtealternativa er rangert innanfor dei ulike kriteria.

Alternativ	Tomtestorleik	Lokalisering	Pedagogisk potensiale	Planstatus	Eigedomstilhøve	Klima	ROS-tema
Heggebø	Grøn	Gul	Gul	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn
Ysteritomta	Grøn	Grøn	Gul	Gul	Grøn	Gul	Gul
Furustrand nord	Grøn	Gul	Gul	Rød	Rød	Grøn	Grøn
Robølsvegen/Heranglie	Grøn	Grøn	Grøn	Rød	Rød	Gul	Grøn
Bjødnavegen	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn

### 8.1 Diskusjon

Bjødnavegen-tomta skil seg klårt ut med berre grøn rangering innanfor dei ulike kriteria

Med omsyn til tomtestorleik, lokalisering og pedagogisk potensiale er også Robølsvegen/Heranglie rangert høgt, men gjeldande planstatus samt potensielt utfordrande eigedomstilhøve gjer at dette alternativet vil vere tidkrevjande og med usikkert utfall.

Ysteritomta har grøn rangering i høve storleik, lokalisering og eigedomstilhøve. Derimot bør det gjerast tiltak både i høve pedagogisk potensiale og støy, noko som kan vere kostnadsdrivande. Gjeldande planstatus gjev også noko usikkerheit, samstundes som at klimaet ikkje har den høgaste rangeringa – mellom dei ulike alternativa.

Heggebø-tomta syner seg derimot å vere eit alternativ det truleg vil gå raskt å kunne realisere, dersom eigar av tomta ønskjer dette. Det bør derimot gjerast tiltak for å heve det pedagogiske potensialet til tomta, noko som kan vere kostnadsdrivande. Vidare har tomta ei lokalisering som er dårleg i høve den kvardagslege reisa mellom arbeid-bustad-daglegvare.

Furustrand nord-tomta kjem klårt dårlegast ut av dei aktuelle alternativa. Gjeldande planstatus samt potensielt utfordrande eigedomstilhøve gjer at dette alternativet vil vere tidkrevjande og med usikkert utfall. Vidare er ikkje lokaliseringa den beste, samanlikna med dei andre alternativa, og det bør gjerast tiltak for å heve det pedagogiske potensialet til tomta, noko som kan vere kostnadsdrivande.

### 8.2 Rangering

Oppsummert vil vi rangere tomtealternativa slik:

1. Bjødnavegen
2. Robølsvegen/Heranglie
3. Ysteritomta
4. Heggebø
5. Furustrand nord